

Gebyrtsatsar og eigenbetaling 2010

Renovasjon

Representantskapen i NGIR har 26.10.2009 vedteke at renovasjonsgebyret må aukast med kr 250,-. Auken på dei einskilde gebyra varierer frå 8% til 11,8%. Dei fleste abonnentane vil få ein auke på 8,7%. Årsaker til auken er mellom anna deponiforbod, innføring av kalkulatorisk rente og avsetning til etterdrift av deponiet.

Slam

NGIR sitt utjammingsfond for slam er no negativt, og slamgebyret må såleis aukast ca 5,5% i 2010. I tillegg kjem eit kommunalt påslag på kr 145,- for administrasjon som ikkje vert auka. For slam frå kommunale slamavskiljarar er auken 5,6% pr. m³. Gebyret vert då kr 1.115,- og kr 376,25 pr. m³ frå kommunale avskiljarar. Rådmannen rår til at kommunen godkjenner NGIR sine vedtak for gebyr på slam og renovasjon.

Budsjettet for **VA-områda** er endra noko i samsvar med faktisk tilhøve. Justert resultat for VA-områda vert avsett til eller trekt frå fond – dette går fram av skjema 1A. Det har vore svært få tilknytningar til avlaupsnett i 2009. I budsjettet for 2009 var det lagt til grunn same inntekt av tilknytning som i 2008, men dette har ikkje på nokon måte slått til. For 2010 legg ein såleis opp til forsiktig vekst. Samla sett blir såleis gebyrinntektene redusert i 2010.

Ilfjg gjeldande avlaupsplan skulle det vore gjennomført større investeringar i 2009, men dette er ikkje gjort. I 2010 er det ikkje lagt opp til større investeringar knytt til avlaup. Kombinert med redusert rentekostnad, gjer dette at i avlaupsgebyret kan aukast langt mindre i 2010 enn det såg ut til på same tid i fjor. Ein auke på 5% gjer såleis at det negative utjammingsfondet vil bli kraftig redusert i 2010, og vil bli positivt frå 2011.

For **vassverket** gjeld noko tilsvarande, sjølv om det her er lagt opp til større investeringar i 2010. Likevel ser det ut til å bli overskot på vassområdet både i 2009 og 2010. Reguleringsfondet for vatn er positivt, og det er no rom for å redusera vassgebyret med 10% og framleis ha eit positivt fond. Rådmannen går såleis inn for å redusera vassgebyret med 10% i 2010.

Alle gebyr er medrekna meirverdiavgift

Renovasjon	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-250,-	2.865,-	2.365,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter		3.115,-	2.615,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+250,-	3.365,-	2.865,-
Hytterrenovasjon		1.557,-	

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn (redusert 10% frå 2009)	1.900,-	3.564,-
Årsgebyr avløp	2.644,-	4.948,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		848,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³) (redusert frå 2009)		14,10
Administrasjonsgebyr vassmålar (uendra frå 2009)		125,-
Tilknytingsgebyr vatn (uendra frå 2009)		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.178,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		19,26
Tilknytingsgebyr avløp (uendra frå 2009)		19.875,-
Slamgebyr		1.115,-
Slam frå kommunale avskiljarar		376,25

Feiing/branntilsynsgebyr	352,50
--------------------------	--------

Eigenbetaling pleie og omsorg		
Tenester ut over primærtjeneste og vaktmeistertjenester		275,- pr time
Mat til heimebuande	Liten porsjon kr 52,-	Stor porsjon kr 59,-
- transport av mat		5,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetscenter		88,- pr dag
Tryggleiksalarm		280,- pr mnd

Radøyhallen		
Leige av idrettshall/symjehall		220,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Leige av terapibasseng		180,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Klippekort symjebasseng - 20 klipp		300,-
Klippekort symjebasseng - 10 klipp		150,-
Enkeltbillett vaksne		50,-
Enkeltbillett born		25,-
Born under 5 år gratis ifølgje med vaksne		
Klippekort terapibasseng - 5 klipp		220,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne		60,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne		
Leige skytebane (pr år)		30.000,-

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2010

Radøy kultur- og musikkskule	
Instrumentkurs/vokalkurs	1.350,-
Musikkverkstad/aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.250,-
Sal av timar til lag (pr time)	245,-
Søskenmoderasjon er 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset	



Barnehage	
Heildagsplass	2.330
Søskenmoderasjon er 30% og evt 50% for siste barn	
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvar barnehage	



SFO	
Full plass (inntil 23,5 timar pr veke)	2.231,25
Redusert plass (inntil 15 timar pr veke)	1.816,50
Redusert plass (inntil 10 timar pr veke)	1.407,00
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO	



Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp

G-trinn	Timepris	Maks pr månad
Inntil 2G	100,-	150,-
2-3G	100,-	750,-
3-4G	200,-	1.100,-
4-5G	250,-	1.500,-
Over 5G	300,-	1.800,-

Eigenbetaling i pleie og omsorg

Det vert ikkje lagt opp til endringar av satsane for eigenbetaling. Prisane går fram av tabellen til venstre. Dersom regjeringa fastset ny maksimalsats for heimehjelp (gjeld brukarar med inntekt inntil 2 G), vert dei kommunale satsane auka.



Feiartenesta. Det vert ikkje gjort framlegg om prisauke i 2010.

Byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr m.v.

Det vert arbeidd med eit nytt felles gebyrsystem for kommunane i Nordhordland, og vi reknar med at dette kjem som eiga sak til kommunestyret.

Husleiger i kommunale husvære/lokale vert regulert i høve konsumprisindeksen pr 1.1.2010.

Foreldrebetaling i barnehagar er i samsvar med føringar frå departementet ikkje regulerte opp. Kommunen får tilført midlar som skal dekkja «tapet» som følgje av manglande prisregulering.

Foreldrebetaling i SFO vert førebels ikkje auka i 2010. I samband med innføring av leksehjelp frå hausten 2010, kan det bli endringar i eigenbetalinga på SFO.

Eigenbetalinga i Musikk- og kultur-skulen vert ikkje auka i 2010.

Radøyhallen

Prisane for bading i Radøyhallen vart justert opp etter måten mykje i 2009, og det vert difor ikkje lagt opp til auke i 2010.

